



Voss kommune

**FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR FOR
VOSS KOMMUNE**

Revidert: 31.12.2009

FORSKRIFT OM VASS- OG AVLØPSGEBYR I VOSS KOMMUNE

Vedteke i Voss kommunestyre den 17.02.2010 i sak 22/10 med heimel i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3, og forskrift om begrensing av forurensinger av 1. juli 2004 kapittel 16 Kommunale vann og avløpsgebyrer.

§ 1 Verkeområdet

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent i § 2, og den fastset utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpstenestene.

§ 2 Definisjonar

2.1 Abonnet

- Eigar/festar av eigedom som er tinglyst med eige gards og bruksnummer, eige festenummer, seksjonsnr (under felles gards og bruksnummer), eiga sjølvstendig bueining eller sjølvstendig næringsseining som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning
- Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig dei bygningane som er plasserte på tomta, og brukar festeretten slik det går fram av lov om tomtefeste.
- Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av Plan og Bygningslova har kravd tilknytt vass og avløpsleidning.

2.2 Eining

- Med eining i denne forskrifta er meint bueining eller næringsseining.
- Bueining er husvære med eigen inngang, eige kjøkken og bad/toalett.
- Næringsseining er sjølvstendige lokale nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd.

2.3 Kombinasjonsbygg:

- Bygg med både bueingar(bustader) og næringsseiningar(næringsverksemd)

2.4 Kommunal vass- og avløpsleidning

- Leidningar som er kommunal eigedom ved at dei er kosta eller overteke av kommunen

2.5 Stikkleidning

Vass- eller avløpsleidning for ein eller fleire eigedommar som er abonnenten sin eigedom, og som blir halde ved like av denne. Dersom ikkje anna er avtalt, er stikkleidningen rekna til og med anboring for vatn og grein for avløp.

2.6 Gebyrregulativet

Dette er den gjeldande prisoversikten for vass og avløpsgebyr i kommunen. Satsane blir kvart år oppdaterte gjennom vedtak i kommunestyret.

§ 3 Plikt til tilkopling

3.1 Om plikta til tilknytning

Ved framlegging av kommunal VA leidning har eksisterande busetnad/eigedommar plikt til tilkopling til kommunalt nett i samsvar med i Plan og Bygningslova. Dersom dokumenterte kostnader med slik tilknytning overstig eit nærare fastsett beløp og avstand, fell kravet til tilkoplingsplikt vekk.

3.2 Fritak for vassforsyningsanlegg

For bueningar der det kan dokumenterast at vassforsyningsanlegga har god nok hygienisk kvalitet og tilstrekkeleg kapasitet, kan det gjevast fritak for tilkoplingsplikta etter søknad

3.3 Nye anlegg vatn og avløp

For bueningar med nye anlegg for vass og avløp, vil det ikkje bli kravd tilknytning før anlegga er 10 år gamle.

§ 4 Nærare om gebyra

4.1 Gebyrtypar

Følgjande gebyrtypar gjeld for både vatn og avløp:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr
- Vassmålargebyr

4.2 Fritidsbustad

For fritidsbustader (hytter) gjeld tilsvarande reglar som for bustader

§ 5 Tilknytingsgebyr

5.1 Gebyrplikta

Tilknytingsgebyret skal betalast for alle nye abonnentar slik dette er definert i § 2. Det omfattar m.a

- Nye sjølvstendige bueningar og nye sjølvstendige næringseiningar
- Eksisterande sjølvstendige bueningar/næringseiningar som blir tilknytt eller som kommunen krev tilknytt
- Eksisterande sjølvstendige bueningar/næringseiningar med tilknytning som ikkje er godkjent
- Annan permanent tilknytning til kommunalt VA anlegg t.d. idrettsanlegg m.v.

Tilknytingsgebyret skal vere likt for alle abonnentar og skal betalast ved tilknytning første gongen.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

§ 6 Årsgebyr

6.1 Gebyrplikt - fast og variabel del av årsgebyret

Årsgebyret for både vass- og avløpstenester skal betalast av alle som er abonnentar jf slik dette er definert i § 2. Det skal såleis betalast årsgebyr for kvar einskild sjølvstendig bueining og kvar einskild sjølvstendig næringseining.

Gebyret er samansett av to delar:

- abonnementsgebyr(fastledd)
- forbruksgebyr(variabelt ledd)

Fordelinga mellom abonnementsgebyr og forbruksgebyr i % av sjølvkostgrunnlaget på VA sektoren til kommunen, er sett til 20 % på abonnementsgebyr og 80 % på forbruksleddet.

Storleiken på abonnementsgebyr og prisen pr m³ for vatn og avløp blir fastsett i gebyrregulativet som kvart år blir vedteke av kommunestyret

6.2 Abonnementsgebyr(fastledd)

Abonnementsgebyr for bustad gjeld for bustad- og fritidshus, og skal betalast pr. bueining, jf. definisjonen av bueining i § 2.

Abonnementsgebyr for næring skal betalast for næringseigedomar, offentlege verksemder og næringsdel på kombinasjonsbygg. Gebyret skal betalast pr næringseining jf definisjonen i § 2 og blir fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksleidning slik dette går fram av tabellen under.

Dimensjon på leidning i mm	Gebyrstorleik N x abonnementsgebyr for bueining
≤ 50	N = 1
51- 99	N = 6
> 99	N = 10

6.3 Forbruksgebyr

Alle abonnentar skal betale etter faktisk (målt) forbruk og pris pr m³. Forbruket skal målast med installert vassmålar. Avløpsmengde blir sett lik målt vassforbruk .

Eksisterande bueiningar(bustadhus, rekkehus, blokkar mv.) som ikkje har installert vassmålar, kan velje mellom installasjon av vassmålar for utrekning av årsgebyret eller å få årsgebyret utrekna etter areal. Er vassmålar installert, kan abonnenten ikkje gå tilbake til gebyrfastsetjing etter areal. Har abonnenten utvendig eller innvendig basseng med volum større enn 3 m³, skal det i alle høve betalast etter vassmålar.

Eksisterande bueining(bustader, rekkehus, blokkar) som blir knytt til kommunal vassleidning kan likeeins velje å installere vassmålar eller ha gebyret utrekna etter areal.

Ved utrekning av forbruk etter areal (stipulert forbruk), blir arealet henta frå Matrikkelen. Omregningsfaktor for forbruk etter areal er sett til 1,04 m³/m². Dette gjeld både bustader og fritidshus¹⁾

¹⁾ §6.3 – 4.avsnitt endra jf. vedtak i KS møte den 15.12.2011 sak 87/11.

§7 Frådrag eller tillegg i årsgebyret

Dersom avløpsmengda ein abonnent har er vesentleg større eller mindre enn det målte vassforbruket, kan forbruksgebyret (den variable delen av årsgebyret) for avløp bli rekna ut på grunnlag av stipulert avløpsmengde, ev. kan avløpsmengda målast særskilt.

Dersom avløpsvatnet skil seg vesentleg frå vanleg hushaldsavløp, kan det reknast tillegg eller frådrag i forbruksgebyret (den variable delen av årsgebyret).

Det kan gjevast fritak frå årsgebyret (både abonnementsgebyr og forbruksgebyr) dersom abonnenten blir fråkopla det kommunale leidningsnett. Søknad må i slike tilfelle sendast kommunen. Fråkopling kan først skje etter at kommunen har gjeve godkjenning. Abonnenten må betale alle kostnader kommunen har i samband med fråkopling og eventuelt tilkopling.

Restriksjonar for vassforbruk eller kortare avbrot i leveranse eller mottak av avløpsvatn gjev ikkje grunnlag for reduksjon i gebyra.

§8 Om bruk av vassmålar

Kommunen leverer , monterer og vedlikeheld vassmålalar for alle abonnentar med vassmålalar opp t.o.m. Qn 2,5. Abonnenten skal betale gebyr for leige av vassmålar. Satsen for dette blir fastsett i gebyrregulativet.

For abonnentar med større dimensjon på vassmålaren, skal desse kostast og vedlikehaldast av abonnenten. Kommunen godkjenner type og storleik på målar. Det skal betalast eit årleg administrasjonsgebyr til kommunen til dekking av administrasjon av vassmålaren. Satsen for dette blir fastsett i gebyrregulativet.

§ 9 Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning gjeld for bygg/anlegg som har innlagt vatn og/eller utslepp av avløpsvatn til kommunalt nett, men der bygget/anlegget berre skal nyttast i ein avgrensa periode.

Gebyret blir fastsett etter dei reglane som gjeld årsgebyr for næringseiningar (næringsverksemd) fastsett i gebyrregulativet. Det skal ikkje betalast tilknytingsgebyr, men alle faktiske kostnader med tilknytning og fråkopling skal betalast av eigar/festar av eigdommen.

Mellombels tilknytning gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om lenger tid.

§10 Innbetaling av gebyr

Abonnenten er ansvarleg for betaling av gebyra. Eingongsgebyr for tilknytning må vere innbetalt før tilknytning skjer.

Årsgebyr skal betalast frå og med første månad etter innflytting skjer, eller frå bruksløyve/mellombels bruksløyve/ferdigattest kan gjevast.

Årsgebyret skal betalast i to terminar årleg. Årsgebyret blir fordelt på dei to terminane. Vass- og avløpsgebyret skal betalast a-konto basert på føregåande års forbruk.

§11 Innkrevjing av gebyr

Krav på årsgebyr er sikra med lovpant i eigedommen etter pantelova sin § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

§12 Vedtaksmynde

Vedtak etter denne forskrifta blir gjort av rådmannen

§13 Sakshandsaming/Klage

Avgjerd etter denne forskrifta som er einskildvedtak, følger reglane i kap. IV-VI i forvaltningslova. Slike vedtak kan påklagast. Klagen skal sendast til rådmannen, og fristen til å klage er 3 veker.

Storleik på gebyra (*gebyrregulativet*) blir fastsett av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklagast, jf. kap. VII i Forvaltningslova.

§ 14 Iverksetjing

Den reviderte forskrifta av 31.12.2009 trer i kraft 1. januar 2010

KOMMENTARAR TIL DEI EINSKILDE PARAGRAFANE I FORSKRIFT OM VASS OG AVLØPSGEBYR I VOSS KOMMUNE

Til § 1 Verkeområde

Til § 2 Definisjonar

2.1 Til definisjon av abonnent.

Heimel til tilknytning av privat vass og/eller avløpsanlegg til kommunalt VA nett følger direkte den til ei kvar tid gjeldande Plan og Bygningslov.

2.2 Til definisjon av eining

Sjølvtendig buening er ein bustad med eitt eller fleire rom, eigen inngang, eige kjøkken og bad/toalett. Døme på sjølvtendige bueningar er i blokkar og rekkehus enten desse er seksjonerte eller organisert som burettslag. Vidare er eigne bustader i kombinasjonsbygg rekna som sjølvtendige bueningar.

Seksjonerte bustader der kvar bustad har eige seksjonnr blir rekna som sjølvtendige bueningar.

Næringseining skal i utgangspunktet reknast pr bygg. Dersom bygget er oppdelt i fleire eigedommar, t.d. gjennom seksjonering, utgjer kvar eigedom(seksjon) ei næringseining.

2.3 Kombinasjonsbygg

2.4 Kommunal vass- og avløpsledning

2.5 Stikkledning

2.6 Gebyrregulativet

Til § 3 Plikt til tilkopling

3.1 Om plikta til tilknytning

I PBL §§ 65 og 66 er nytta uttrykka ”nærliggende areal” og ”uforholdsmessig stor kostnad”. Ved eventuelle seinare endringar i Plan og Bygningslova, gjeld lovtilvisinga til tilsvarande paragrafar. For eksisterande bygningar definerer kommunen ”nærliggende areal” som inntil 150 meter, og ”uforholdsmessig stor kostnad” som meir enn kr. 125.000 for ei grøft med vass- og kloakkleidning, pr. 01.01.2008. Summen skal indeksregulerast etter byggekostnadsindeks, anlegg.

Dersom ei husklynge ligg innanfor 500 m frå kommunal ledning, kan desse krevjast tilknytt dersom kostnadene for kvar einiskild ikkje vert meir enn kr 125.000,- per 01.01.2008. Jamfør innhaldet i teksten over. Summen skal indeksregulerast etter byggekostnadsindeks, anlegg.

Ved søknad om fritak grunna ”uforholdsmessig stor kostnad” skal det leggjast fram dokumentasjon etter konkurrerende tilbod

3.2 Fritak for vassforsyningsanlegg

I PBL §§ 65 og 66 er brukt uttrykket ”hvor særlige grunner ellers tilsier det” som skjønnsgrunnlag for å godkjenna annan ordning (enn tilkopling til offentleg nett).

Døme på slike ”særlege grunnar” kan vere:

- Bygningar som frå før har vassforsyning som er hygienisk betryggande og har tilstrekkeleg kapasitet. Det vert kravd dokumentasjon for kapasitet og kvalitet gjennom eit år. Vassprøvane skal vise årstidsvariasjonar, og det vert kravd minst fire prøvar, fordelt slik at dei speglar kvar årstid.

Det må søkjast om løyve til ”annan ordning”. Søknader skal handsamast individuelt.

3.3 Nye anlegg vatn og avløp

Dersom det er etablert privat vassforsyning eller godkjent privat avløpsløysing vil det ikkje bli kravd tilknytning til kommunalt nett før 10 år etter ei slik investering.

Det blir kravd dokumentasjon på kostnader/etableringa.

Til § 4 Nærare om gebyra

4.1 Gebyrtypar

Kommunen har innført tre gebyrtypar på vass- og avløpssektoren.

I følge ” Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter” skal det både vere eit eingongsgebyr og eit årleg gebyr. Årsgebyret har eit abonnementsgebyr (ein fast del) og forbruksgebyr (ein variabel del) slik ”Forskrift om begrenring av forurensinger” krev.

Vassmålargebyret skal dekke den meirutgifta kommunen har ved innkjøp, drifting og kontroll av vassmålarar. Gebyret både for abonnentar der kommunen eig vassmålararen og for abonnentar som eig vassmålararen sjølv, blir fastsett i gebyrregulativet.

4.2 Fritidsbustader

Fritidsbustader(hytter) blir sidestilt med vanlege bustader i denne forskrifta. Dette betyr at abonnementsgebyr og forbruksgebyr blir fastsett ut frå dei same reglane.

Til § 5 Tilknytingsgebyr

5.1 Gebyrplikt

Det skal betalast tilknytingsgebyr for alle nye sjølvstendige bueiningar og alle nye sjølvstendige næringseiningar . Gebyret er uavhengig av storleiken på bueininga/næringseininga (bygget/huset). Kommunen ønskjer at storleiken på tilknytingsgebyret skal vere relativt lågt. Storleiken på tilknytingsgebyret er fastsett i gebyrreglementet

Gebyret for tilknytning skal ikkje referere seg til nokon bestemt del av kostnadane som kommunen har på sektoren, men intensjonane med gebyret er at det skal dekkje ein forholdsmessig del av kommunen sine samla kostnader med vassforsyning og avløp.

5.2 Om eksisterande bueiningar og næringseiningar

For bueiningar og næringseiningar som var tilknytt kommunalt VA nett før denne forskrifta blei teken i bruk, skal det ikkje betalast nytt tilknytingsgebyr. Dette gjeld t.d. burettslag der innføring av omgrepet bueiningar kan medføre betydeleg auke i tal abonnentar.

5.3 Døme på utforming av tilknytingsgebyr

Under er det sett opp ein del døme som skal syne korleis tilknytingsgebyret skal reknast ut.

Døme 1

Tilkopling av nytt burettslag med 25 bueiningar (leilegheit). Burettslaget er nytt og blir tilkopla etter at denne forskrifta har trådd i kraft. I dette tilfellet skal det betalast 25 tilknytingsgebyr, eitt for kvar bueining (leilegheit)

Døme 2

Tilkopling av nytt kombinasjonsbygg med eitt felles næringsareal og 8 bueiningar (leilegheit) i toppetasjen. I dette tilfellet skal betalast 9 tilknytingsgebyr, eitt for kvar av bueiningane (leilegheitane) og eit for næringsarealet.

Døme 3

Eit eksisterande hotell/forsamlingshus tilknytt kommunalt VA nett blir bygd om til 10 utleige bueiningar (leilegheit). Ytre mål for bygget blir ikkje endra. Talet på bueiningar (leilegheit) aukar frå 1 til 10. Av denne grunn skal det betalast 9 tilknytingsgebyr, eitt for kvar av dei nye bueiningane (leilegheitane).

Til § 6 Årsgebyr

6.1 Gebyrplikt

Det skal betalast årsgebyr for alle sjølvstendige bueiningar og næringseiningar.

Fordeling mellom abonnementsledd og forbruksleddet er gitt i sjølve forskriftsteksta i % av det samla sjølvkostgrunnlaget til VA sektoren i kommunen.

6.2 Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyr blir differensiert etter brukarkategori. Brukarkategorien bustad og fritidshus betalar like stort gebyr pr eining, jfr definisjonen av eining i § 2. For brukarkategorien næring (inkludert gardsbruk) blir gebyret fastsett etter storleiken på inntaksleidningen dvs. etter den kapasiteten leidningsanlegget har. Med fleire leidningar skal alle leidningane reknast med.

6.3 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret skal reknast ut etter målt forbruk for alle abonnentar(sjølvstendige bueiningar og næringseiningar) med følgjande unntak:

- Eksisterande sjølvstendige bueining(bustadhus) som ikkje har installert vassmålar kan velje mellom installasjon av vassmålar for utrekning av årsavgift eller å få årsavgifta utrekna etter areal. Er vassmålar installert, kan abonnenten ikkje gå attende til avgiftsfastsetjing etter areal

- Eksisterande sjølvstendige bueiningar (bustader) som blir knytt til kommunal vassleidning kan likeeins velje å installere vassmålar eller ha gebyr utrekna etter areal.
- Dersom eksisterande bustadhus får ny bueining jf. § 2 ved ombygging, tilbygg eller liknande skal det installerast vassmålar, og vassavgift for egedomen utrekna etter målar

Kommunen kan krevje betaling etter målt forbruk også av eksisterande busetnad i spesielle tilfelle t.d. dersom abonnenten har utandørs eller innandørs basseng med volum større enn 3 m³.

Avløpsgebyret skal reknast ut frå at avløpsmengda blir sett lik målt eller stipulert vassforbruk. Eventuelt unntak frå denne regelen går fram av § 6 i Forskrifta.

Dersom vassforbruket blir stipulert, skal bruksareal i matrikkelen nyttast så langt dette er tenleg. I nokre tilfelle der kommunen ikkje har slike data tilgjengeleg vil andre standardar/nemningar måtte nyttast mellombels inntil bruksarealet ligg føre.

Det er vidare sett opp ein del døme som skal syne korleis forskrifta skal tolkast. Felles for alle døma er at tilknytingsgebyret er likt for alle bueiningar/næringseiningar og uavhengig av storleiken i m².

6.4 Døme utrekning av årsgebyr

I dette avsnittet er det sett opp ei rekke ulike døme som syner korleis årsgebyret skal fastsetjast for ulike typer abonnentar.

Døme 1

Kombinasjonsbygg med 110 mm inntaksleidning, 8 butikkar i 1. etasje og 8 bueiningar i 2. etasje. Av bueiningane i 2. etasje er 3 seksjonerte ut med eige seksjonsnr medan 5 er utleige bustader. I næringsarealet er sprinkleranlegg montert slik at 110 mm inntaksleidning er nødvendig for få fram nok vatn til sprinkleranlegget.

Abonnementledd skal utgjere følgjande:

- Inntaksleidning næringsdel 110 mm → N = 10
- 8 bueiningar kvar med N = 1

Til saman 18 abonnementsledd skal betalast. Dei seksjonerte husværa skal betale kvar sitt medan resten tilfell næringseininga/næringsdelen av bygget.

Vassmålar skal vere montert på inntaksleidning til bygningen. Målt vassforbruk for dei 8 bueiningane kjem til fråtrekk på det målte forbruket på inntaksleidningen inn til bygget.

Døme 2

Kombinasjonsbygg med 63 mm inntaksleidning, 4 butikkar i 1. etasje og 4 bueiningar i 2. etasje. Av bueiningane i 2. etasje er 3 seksjonerte ut medan 1 er for utleige.

Abonnementledd skal utgjere følgjande:

- Inntaksleidning næringsdel 63 mm → N = 6
- 4 bueiningar kvar med N = 1

Til saman 10 abonnementsledd skal betalast. Dei seksjonerte husværa/bueiningane skal betale kvar sitt medan resten tilfello eigar av bygget. Vassmålalar skal vere monterte på inntaksleidning til bygningen. Målt vassforbruk for dei 4 bueiningane kjem til fråtrekk på det målte forbruket på inntaksleidningen inn til bygget.

Døme 3

Eit nytt burettslag blir tilknytt kommunalt VA nett. Dette inneheld 3 bustadblokkar kvar med 12 bueiningar (leilegheitane). Frå kommunalt nett ligg det ein 63 mm vassleidning som vidare fordeler seg med 40 mm til kvar av blokkane. I dette tilfellet skal det betalast abonnementsgebyr for kvar av bueiningane (leilegheitane), dvs 36 stk.

Forbruksgebyret skal betalast etter målt forbruk. Dette kan gjerast for kvar bueining (leilegheit), eller samla for kvar blokk eller heile burettslaget. Dersom forbruksleddet blir fastsett samla for heile blokk/burettslaget, er det burettslaget sjølv som må sørge for fordelinga internt.

Døme 4

Ein seksjonert bustad med 4 bueiningar er tilknytt kommunalt VA nett. Storleiken på bueiningane varierer mellom 60 og 120 m². Vassmålalar er ikkje installert og eigarane av bueiningane ønskjer heller ikkje å gjere dette på grunn av høge kostnader/teknisk vanskeleg.

I dette tilfellet skal det betalast 4 abonnementsgebyr, eit for kvar bueining. Forbruksgebyret blir fastsett ut frå faktisk bruksareal i samsvar med NS 3940 i samsvar med stipuleringsfaktor fastsett i § 6.

Døme 5

Ein einestad med vassmålalar installert, blir seksjonert slik at det blir 3 ulike bueiningar; sokkel, 1 etasje og 2 etasje. I dette tilfellet blir kvart husvære rekna som ei eiga bueining. Det skal såleis betalast 3 abonnementsgebyr og forbruksgebyr ut frå målt forbruk for kvar av einingane. Alternativt kan forbruksleddet fastsetjast ut frå samla forbruk for alle tre bueiningane. Fordelinga av forbruksgebyret mellom dei tre bueiningane må eigarane sjølve fordele.

Til § 7 Frådrag eller tillegg i årsgebyret

1. Avvik mellom vassforbruk og avløpsmengde vil m.a. kunne gjelde næringsverksemdar der vatn inngår i produkta, t.d bakeri, eller der vatn blir brukt til kjøling utan at det etterpå går inn på kommunalt avløpsnett. Det vil og m.a. kunne gjelde bustad- og fritidseigedommar som har toalettsystem som ikkje brukar vatn og for landbrukseigedommar.
2. Der samansetninga av avløpsvatnet avviker frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunens avløpsanlegg kan det reknast eit tillegg til avløpsgebyret. Storleiken på tillegget blir fastsett ved avtale, eller dersom avtale ikkje kjem i stand, av rådmannen.
3. For verksemdar der avløpsvatnet utgjer ein vesentleg del av den samla avløpsmengda som blir tilført det kommunale anlegget, skal det normalt inngåast særskild avtale om storleiken på gebyret. Føresetnaden for tillegg eller reduksjon i gebyret er at kommunen får auka eller reduserte kostnader med drift av sine avløpsanlegg. Storleiken på tillegg/frådrag blir fastsett etter avtale mellom abonnent og kommune ev. av kommunen dersom slik avtale ikkje kjem i stand.
4. Alle fråtrekk eller tillegg i årsgebyret som er nemnt ovanfor gjeld berre forbruksgebyret.
5. Dersom ein bygning vert fråkopla kommunalt vass- og/ eller avløpsnett blir det gjeve fritak for tilsvarande gebyr frå og med fyrste halvtårsskifte etter fråkoplinga skjer. Der vassmålalar er installert

skal denne lesast av ved fråkopling. Ein føresetnad er at fråkoplinga skjer etter søknad og i samsvar med gjevne vilkår i løyve frå kommunen. Det kan ikkje krevjast nytt tilknytingsgebyr i samsvar med § 4 når tilkopling skjer.

6. Det skal reknast eit gebyr for frå og tilkopling. Gebyret blir fastsett i kvar einskild tilfelle ut frå kor mykje arbeid(timar) kommunen har lagt ned.
7. Restriksjonar for bruk av vatn, for eksempel forbod mot eller redusert hagevatning, periodevis utkopling når det er lite vatn eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak eller redusert gebyr. Det same gjeld ved kortare avbrot i samband med lekkasjar, utbetring av leidningsnett, byggeprosjekt og liknande. Med kortare avbrot i leveranse av vatn eller mottak av avløpsvatn er her meint inntil ca 1 døgn.
8. Abonntent som, heller ikkje etter purring, etterkjem pålegg om montering av vassmålar, eller unnlet å lesa av montert vassmålar skal betala utifrå eit stipulert forbruk som er fastsett av rådmannen.


Til §8 Om bruk av vassmålar

1. Installasjon av vassmålar skal meldast til kommunen på eige søknadsskjema frå godkjent utførande føretak. Arbeidet skal utførast i samsvar med kommunen sine retningslinjer og kan ikkje setjast i gang før kommunen har godkjend søknaden. Det påligg utførande foretak å syte for at røyrleggjar eller huseigar er tilstades ved avtalt tidspunkt og at alt er tilrettelagt for kommunen sitt monteringsarbeid.
2. Målaren skal plasserast i samsvar med retningslinjene til kommunen. Eigaren skal halde målar frostfri og lett tilgjengeleg for avlesing og vedlikehald. Vassmålaren skal plomberast av kommunen. Dersom plomberinga blir broten, kan dette medføre straffeansvar.
3. Dersom målaren ikkje fungerer, eller blir skada, påligg det huseigar straks og syte for at kommunen blir varsla.
4. For installasjon og bruk av vassmålar vert det elles vist til gjeldande reglement for sanitæranlegg. Huseigar pliktar å halde huset forsikra mot skader som fylgje av skade/brot/lekkasje frå vassmålaren.
5. Kommunen har rett til å skifta ut ein vassmålar dersom det vert påvist at vassmålaren ikkje fungerer ved årsavlesing eller at kommunen av andre grunnar finn at målaren bør skiftast.
6. Vassmålargebyret tek til å gjelda frå den dato kommunen set inn ny vassmålar. Kostnaden for avskrivning av målaren og adm.kostnader skal dekkjast av huseigaren gjennom eit gebyr
7. Kommunen fastset når vassmålaren skal skiftast ut.
8. Toleransegrensa er $\pm 7\%$. Som påvist målarfeil legg ein til grunn at dette er den feilen som er konstatert anten av kommunen eller av frittstående kontrollfirma.
9. Dersom testresultatet syner at målefeilen er større enn $\pm 7\%$ så gjev det grunnlag for ny utrekning av avgifter. Kostnaden med testinga må i så fall berast av kommunen. Dersom feilen syner mindre enn $\pm 7\%$ skal kostnadene med testinga berast av abonnenten.
10. Dersom ein ikkje kan vere rimeleg sikker på når tillate toleransegrense vart overskriden, justerar ein etter formelen: **$(a+7)/2\%$ for tida $t_2 - t_1$** der

t_1 = tidspkt for passering av toleransegrensa

t_2 = tidspunkt for slutten av oppgjersperioden
 a = målt mengd

(Feilvisinga reknar ein å ha vore 0 då målararen vart montert, og at feilen har utvikla seg proporsjonalt med tida. Sjå graf).



Ein korrigerar for feilen f.o.m. datoen ein reknar ut at toleransegrensa på 7 % vert broten. Maks tid bakover blir likevel sett til 3 år.

11. Abonntenen må ta kostnaden med ombygging/tilpassing av leidningane for å få sett inn ny vassmålalar. Kommunen leverer, monterer og vedlikeheld vassmålalar opp t.o.m. Qn 2,5 (3/4 "). Ved behov kan det setjast opp fleire målarar i parallellkonsoll. Dette gjeld kun 3/4" målarar. Alle vassmålalarar som er større blir sette inn, kosta og vedlikehalde av abonnenten etter søknad til kommunen. Målartypen skal godkjennast av kommunen.
12. Om ønskeleg kan det monterast utstyr for fjernavlesing av vassmålaren. Kostnaden med dette må abonnenten ta. Framtidig vedlikehald er også abonnenten sitt ansvar. Utstyr for fjernavlesing skal godkjennast av kommunen
13. Alle vassmålalarar som er lik eller større enn Qn 15 (2"), skal som hovudregel vere kombinasjonsmålalarar.

Til §9 Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning vil for t.d. gjelde for anleggsbrakke og liknande som blir sett opp i samband med byggje eller anleggsverksemd. Det er eigar/festar av eigedommen som er ansvarleg for å betale gebyret for vatn/avløp, sjølv om brakkeriggen er sett opp og eigd av andre. Det skal betalast gebyr tilsvarande som for næringsabonntentar dvs eit fastledd ut frå storleik på inntaksleidning og forbruksgebyr basert på målt forbruk

Kostnader med den fysiske tilknytninga og fråkoplinga må eigar/festar av eigedommen betale, men det skal ikkje betalast tilknytingsgebyr i samband med mellombels tilknytning.

Til §10 Innbetaling av gebyr

Til §11 Innkrevjing av gebyr

Ved manglande innbetaling av årsgebyr, kan kommunen ta pant i eigedommen. Kravet på årsgebyr har, på linje med skatt, førerrett framfor andre krav (heftelsar) på eigedommen.

Til §12 Vedtaksmyndigheit

Til §13 Sakshandsaming/klage

Til §14 Iverksetjing

Denne forskrifta er gjort gjeldande frå det tidspunktet kommunestyret har fastsett.